

## Nedlegging Haddal skule?

Haddal IL har også lyst til å blande seg i debatten om dei stadige trugslane om nedlegging av Haddal skule. Vår visjon er; alle skal med. Dette speglar seg fint att i alderspranget til våre medlemmar, frå 4 år og opp til over 70 år. Dei eldste er sjølvsagt ikkje aktive lenger, men vi har stort sett prøvd å få alle born frå 1.klasse til å forsøke seg med fotball. Om skulen blir nedlagd reknar vi med at det i starten vil vere ein del lokalpatriotisme, og at vi då klarer å halde same nivå som i dag nokre sesongar. Men vi må vere så pass realistiske og innsjå at dette vil vaske seg ut. Elevane som i dag går ved Haddal skule ser også ut til å bli delt i to, der ei gruppe vel Møre barne- og ungdomskule og resten vel Hasund skule. Styret i Haddal IL trur dette vil vere med på å akselerere overgongar til andre klubbar. Etter nokre år vil det for oss derfor vere vanskeleg å stille lag med fleire enn tre spelarar. Alle skjønar då at vi eigentleg kun kan stille lag for dei to minste årsklassene i barneidretten, og aktiviteten vert då så liten at det går mot nedlegging av fotballaktiviteten til Haddal IL.

Haddal IL har heile tida hatt eit ønske om at det ikkje nødvendigvis kun er idrettslaget som skal nytte godt av våre investeringar. Tanken har vore at om det kjem grendene til gode så er det vinn – vinn. Dette har vi vist gjennom spleiselaget for å få finansiert ballbingen ved skulen og oppussinga av lokalet i kjellaren på klubbhuset. Vi må erkjenne at vi ikkje hadde greidd å støtte dei prosjekta vi har støtta utan sponsorhjelp, så at desse dreg slike bidrag fram positivt sett vi stor pris på. Største investeringa vi har gjort er likevel kunstgrasbana. Utallige dugnadstimar, velvillige sponsorar, tippemidlar og kommunal garanti på lån ligg til grunn for at den kunne realiserast. Etter at bana stod ferdig vart det, ut frå både miljøomsyn og eit forsøk på minst mogleg slitasje, bestemt at den ikkje skulle brøytast vinterstid. Fotball, som er Haddal IL sin primæraktivitet, har blitt meir og meir tilnærma ein heilårsidrett. Der flesteparten av idrettslaga rundt oss har investert i hall for å halde på same høge aktiviteten vinteren gjennom, har vi nytt godt av samarbeidet om treningstider i hallen på skulen. Dei siste åra har vi faktisk hatt litt vanskar med å plassere alle laga rettferdig når det gjeld treningstider innandørs. Som nemnd over var Haddal IL med i spleiselaget til ballbingen ved Haddal skule. Kva vil skje med den om skulen blir lagd ned, og i verstepall selt? Skal den framleis stå der den er i dag, eller vil kommunen flytte den til ein annan stad?

Det er ikkje slik at vi ikkje trur det er plass eller ønske om at anten Hasundgot eller Hødd vil ta imot våre born. Saka handlar meir om at det blir vanskeleg for småbarnsfamiliane å få dagane til å gå i hop. Ikkje alle arbeidar innanfor kommunen, og dei som kjem mest uheldig ut er dei som pendlar i retning Volda eller Ørsta, og i tillegg har born som må nytte seg av SFO tilbodet. Om dei i det heile rekk å hente borna sine før SFO stenger, så vil dei slite med å først få i dei ein rask middag, for så å skunde seg vidare til det aktuelle fritidstilbodet. Utan mat og drikke duger som kjent helten ikkje! Vi skal ikkje begi oss ut i diskusjonar knytt til fysisk- og psykisk helse, men har merka oss at dette stadig kjem opp i andre saker der oppvekst- og buvilkår er diskutert. Enkelte meiner sågar at desse er knytt tett saman. Vil vi etterkvart sjå at ein del av innsparingane som ligg føre i dag, kjem att som utgifter i helsesektoren seinare?

Haddal IL er svært uroa for framtida vår om skulen vert lagt ned. Vårt største ønske er derfor at politikarane ser vår sak, og ikkje minst ser borna sitt behov for fritidsaktivitetar i eige nærmiljø, og stemmer for å behalde dagens skulestruktur.